
Fra: Gunnar Terje Silden <Gunnar.Silden@stad.kommune.no>
Sendt: 14. januar 2022 17:51
Til: Postmottak NFD
Emne: Høyringsuttale til forslag om etablering av ei ny ordning for tildeling av løyve til akvakultur med laksefisk til miljøteknologiformål.

Stad kommune viser til SjømatStaden sin høyringsuttale til forslag om etablering av ei ny ordning for tildeling av løyve til akvakultur med laksefisk til miljøteknologiformål, og støttar denne uttalen.

SjømatStaden er lokalisert i Stad kommune, der utvikling av ei berekraftig havbruksnæring er ein nødvendig premiss for vidare utvikling av næringa. Stad kommune er i sluttfasen av arbeidet med ein heilt ny kommunedelplan for sjøområda, der vi mellom anna har gjort ei konsekvensutgreiing for auka akvakulturproduksjon i Nordfjorden.

I denne har vi har sett på og vurdert den samla belastninga på fjordsystemet. Konklusjonen er at dersom det skal opnast for meir oppdrett, så føreset det bruk av ny teknologi med lukka merder. Stad kommune legg i planarbeidet difor til grunn at det snarleg både må og vil kome ny oppdrettsteknologi, som erstattar den tradisjonelle merdteknologien som vert nytta i dag. Til dømes lukka system som gjer at ein kan få bukt med lakselus, fiskesjukdomar og utslepp av organisk materiale.

Venleg helsing

Gunnar Terje Silden

Stad kommune

Gunnar.Silden@stad.kommune.no

stad.kommune.no

facebook.com/stadkommune



Stad kommune